

Til : Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Frå : SKL Produksjon AS, Postboks 24, 5401 Stord
Fusa Kraftlag SA, Stallabrotvegen 119, 5640 Eikelandssøsen

Dato :24.01.14

Melding og brosjyre Blåura kraftverk.

Fusa Kraftlag SA og SKL Produksjon AS har inngått avtale med grunneigarane på Gnr. 75 i Fusa kommune om i samarbeid med dei å utvikla/utnytta fallrettane dei eig med tanke på vasskraftproduksjon. Fallrettane ligg i Sævareidvassdraget, vassdragsnummer 053.Z, REGINE eining 053C2Z.

Fleire alternativ for utnytting av ressursane er vurdert.

Vald løysing, «Blåura kraftverk», er basert på ei samla vurdering av kraftpotensiale, samfunnsinteresser, miljøomsyn og brukarinteresser knytt til influensområdet og Sævareidvassdraget.

Miljødirektoratet gav fritak for handsaming etter Samla Plan for Blåura kraftverk den 10.11.13.

Blåura kraftverk er førebels planlagt med installert effekt 19 MW og venta årsproduksjon 68,6 GWh (minstevassføring ikkje omsynsteke).

Dersom det vert gitt konsesjon til «Blåura kraftverk» vil samarbeidspartane stifta eit eige aksjeselskap, «Blåura Kraftverk AS», som vert ansvarleg utbyggjar og drivar av Blåura kraftverk.

Vedlegg:

- Melding med framlegg til KU-program om utbyggingsplanen for Blåura kraftverk, Fusa kommune.
- Brosjyre: Informasjon om utbyggingsplanen for Blåura kraftverk.

Beste helsing
Fusa Kraftlag SA



Erling Syvertsen
Adm. dir.

SKL Produksjon AS



Kjetil Harestad
Adm. dir.